

25. NOV. 2021

Alver kommune
Tenestoområde Plan, Utbygging og Kommunalteknikk
Byggesaksavdeling – Frekhaug
Havneveien 41A
5918 Frekhaug

Bruskedalsreset, Ulset 24.11.2021

Att: Rådgjevar Larissa Dahl

Me viser til sak **nr 20/8901**

Dette brevet er frå eigarane av gbnr 1/403 på Flatøy, Berit Sofie Hoffstad og Henrik Brigtsen og er meint som ei orientering til sakshandsamar/rådgjevar.

I brev frå Byggesaksavdelinga datert 17.09.2020 vert det gjeve
Rammeløyve til oppføring av veg med dispensasjon – gbnr 1/403
I brev datert 10.02.2021 stadfestar Statsforvaltaren i Vestland vedtaket i Alver kommune.

Eigar av gbnr 1/399, Inge Østergaard har under sakshandsaminga påpeikt at vegen opp mot gbnr 1/403 vil ha for stor stigning. I vedtaket er det ikkje teke omsyn til dette.

I rekomandert brev til oss, eigarane av gbnr 1/403 frå Inge og Mette Østergaard, datert 18.10.2021 står følgjande, første avsnitt: «Det vises til korrespondanse sendt Alver Kommune v/Byggesaksavdeling datert 08.10.2021, referanse JP 21/67374, med merknader angående utforming av hyttevei gitt rammetillatelse, der utførelse er i strid med dispensasjonsgrunnlaget for veitiltak i Kråkhaugen – Flatøy Aust, referer til byggesak m/ArkivsakID 20/8901: «stikkvei» opp til gbnr 1/403, Flatøy Aust.» Kopi av brevet er vedlagt

Me reknar med at Byggesaksavdelinga i sitt vedtak har vurdert utførelsen av stikkveien opp til eigedomen gbnr 1/403, og me held oss til det.

Me merkar oss også at Østergaard brukar uttrykket «*stikkvei*» opp til Kråkhaugtoppen.

Etter det me kjenner til har ingen søkt om vegforlenging til Kråkhaugtoppen.

Østergaard tek så for seg to *tenkte* situasjonar – utkjøring av tømmer og bruk av piggdekk. I den samanheng viser me til vårt brev til Østergaard, kopi av svaret er vedlagt.

Østergaard skriv også i siste linje på side 1 at «bruksrett til ny-veien - - - *ikke* vil bli gitt.»

I inngåtte og gjeldande avtalar er det eigar av gbnr 1/12, Hilda Austegard som kan gje/selja bruksrett til vegen som i hovudsak ligg på hennar eigedom, gbnr 1/12.

Me understrekar at me i heile denne vegsaka har hatt eit ryddig og greitt samarbeid med grunneigar Hilda Austegard.

I vårt brev til Østergaard, s. 2 og følgjande påpeikar me også andre tilhøve som er lite tilfredsstillande – mildt sagt. Dette er også teke opp i brev til Kurt Teje Sjørksen/Delta Boligprosjektering, Østergaard sin medarbeidar i vegsaka.

Forts neste side

Me nemner også at vårt brev til Østergaard er sendt rekomandert sidan han berre på den måten godtek underteikna si underskrift. I praksis betyr det at han truleg mottek vårt brev etter at dette er levert til Byggesaksavdelinga på Frekhaug.

Me leverer personleg til ekspedisjonen i Kommunehuset på Frekhaug sidan me ofte er til Flatøy. Dermed «sparar» me eit par dagar i høve til vanleg postsending og me kan også få kvittering for at det er levert brev til Byggesaksavdelinga.

Med venleg helsing for eigarane av gbnr 1/403 på Flatøy


Henrik Brigtsen

Vedlegg:

Kopi av brev frå Østergaard, eigar av gbnr 1/399 på Flatøy

Kopi av svar til Østergaard, eigarar av gbnr 1/403 på Flatøy

Bilde, viser grenser, eigedomstilhøve, utbetningspkt/-områder som er nemnde i vårt brev til Østergaard.